

Førde kommune

Teknisk forvaltning

Forskrift om frist for spreing av husdyrgjødsel

Fastsett av bystyret i Førde i møtet den 28.09.06, sak nr 056/06, med heimel i §23, 3. ledd i "Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav", av 04.07.03.

§1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å fastsetje frist for spreing av husdyrgjødsel på grasmark utan nedmolding om hausten.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld for heile Førde kommune.

§ 3. Spreietidspunkt

Siste dato for spreing av husdyrgjødsel utan nedmolding vert sett til 20.september.

§ 4. Unntak

Kommunen kan ut frå klimatiske tilhøve gjere vedtak om generell utsetjing av spreietidspunktet, men ikkje seinare enn 1. oktober.

§ 5 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.